

Rapport for arbeidsprogram 2017/2018

Styret sitt arbeidsprogram for 2017/2018, godkjent av årsmøtet den 14. februar 2017, lyd slik:

I ein frivillig organisasjon som Bergen ungdomslag Ervingen er det ei heilt sentral oppgåve å jobba med rekruttering. Det er naudsynt for laget å ha ein stor medlemsmasse. Talet på faste aktivitetar ein kan halda fram med og både tradisjonelle og nye tilskipingar ein kan gjennomføra heng saman med kor mange betalande medlemmer laget har, og kor mange aktive medlemmer me har, som stiller på både øvingar og dugnadsarbeid. I komande periode ynskjer difor styret å ha eit ekstra stort fokus på rekruttering og marknadsføring.

Grunna synkande medlemstal dei siste åra, ynskte styret å ha rekruttering som einaste fokusområde i sitt arbeidsprogram denne perioden. Det vart sett av kr 250 000 per år i budsjettet til rekruttering. Delar av midlane skulle brukast til å vidareføre pågåande prosjekt, slik som Dragegjengen, og ein stor del av midlane ynskte me å bruka til å få profesjonell hjelp i arbeidet med rekruttering. I mars 2017 lyste me ut ei 20 % prosjektstilling som rekrutteringsmedarbeidar, der det kom inn 7 søknader. Kristoffer Kleiveland vart tilsett som rekrutteringsmedarbeidar og byrja i si stilling 1. juni 2017. Den fyrste tida i stillinga brukte Kristoffer på å gjera seg kjend med særslag og aktivitetar i laget, i tillegg til å jamleg delta i møte med styret.

Laget har hatt fokus på fylgjande prosjekt denne perioden:

- Oppstart av og rekruttering til Onsdagsringen og Studentdans, m.a. med stand på Studenttorget på UiB. Studentdansen har hatt øving annakvar veke, samstundes med Onsdagsringen, og har vore eit tilbod til nybyrjarar slik at dei kunne få betre innføring før dei seinare har kome over til Onsdagsringen. Studentdansen fekk ein kjempestart, med mange nye deltakarar på dei fyrste øvingane. Utover hausten har det vore greitt med oppmøte på øvingane og levande musikk på kvar øving. I tillegg har me arbeidd med miljøbygging og sosiale aktivitetar slik at dei nye deltakarane skal finne sin plass i gruppa. Facebook og Instagram har vore to sosiale medier som har vore nytta meir denne hausten for å reklamera for og syne kva me gjer på øvingane og elles. I tillegg er det verdt å nemna at me i august og september 2018 hadde studentrabatt for studentane som meldte seg inn i laget i løpet av desse månadane.
- Arbeid med rekruttering og blesting for Folkedans for seniorar har skjedd blant anna ved at det har vorte sett inn fleire avisannonser i løpet av åra. I samband med folkedans for seniorar har representantar frå laget og andre ringar i Bergen møttest og samtala om utfordringar og moglege løysingar på rekrutteringsproblema. Dette enda i eit seminar 19. januar 2019 i Gimle der fleire problemstillingar vart tatt opp og diskutert.
- Skulebesøk – det har vore arbeidd med å finna skular som vil vera med på danseopplegg i regi av ungdomslaget, som ein strategi for å rekruttera til ungdomsringen og barnelaget. Som eit resultat av det, gjennomførte me omfattande skulebesøk våren 2018. Mange skular viste interesse og tykte det var kjekt at me kom på besøk, men dette har diverre ikkje ført til så mange nye medlemmar i laget. På den positive sida har dette medført at laget har fått gode kontaktar hjå nokre av skulane, som me må nytte oss av.

- Samrådsmøta. På samrådsmøta både på våren og hausten 2017 har me hatt gruppearbeid beståande av diskusjon og idèmyldring kring temaet rekruttering, i tillegg til korleis auke synlegheita til laget, og korleis ta i mot nye medlemmer. Målet var å få særлага med i arbeidet og få høyre deira tankar kring rekruttering. Nokre av særлага har teke dette med vidare og diskutert det på sine møte. På møtet våren 2017 vart Viggo Bjørge hyra inn som innleiar, og tok opp dette temaet for dei frammøtte. På samrådsmøtet hausten 2018 vart det informert om, og diskutert, Dextra-prosjektet. Dette er eit prosjekt me har fått midlar til frå Dextra Musica. Gjennom fokus på å rekruttere og halde på medlemmar, skal prosjektet enda i ei førestilling. Førestillinga vert framført på familiefolkedansfesten 7. april 2019.
- Vidareføring av Dragegjengen- prosjektet. Prosjektet «Dragegjengen» ved Krohnengen skule vart starta opp igjen, og på desse to åra har 16 born frå 5 til 8 år starta å spele hardingfele, samstundes som dei tidlegare elevane får samspelundervising.
- Promotering av laget og nye flygeblad. I perioden har det vorte laga nye flygeblad til både ungdomsringen, Onsdagsringen/Studentdans og Folkedans for seniorar. I tillegg til dette, har lagsstyret vore meir medvitne på at dei må vere aktive på sosiale medier både i forkant, under og etter diverse arrangement og øvingar. Særlagsstyra har òg vore flinkare til å nytte seg av sosiale medier, og det har vore laga fleire facebooksidar denne perioden.
- Barnelaget har i starten av kvart semester i denne perioden arrangera «ta med ein ven»-øving, noko som har resultert i nye tilskot kvar gong.
- Det har også vorte starta opp ein ny aktivitet, Småkvedarane, der born frå 7-11 år og 12-18 år kan kome saman og kveda og læra av ein dyktig instruktør annakvar veke.

I tillegg til dette er utsendingar frå laget jamleg på skulebesøk gjennom Den Kulturelle Skulesekken og deltek på familietilskipingar med dans både på USF Verftet og Barnas kulturhus.

Det er vel verd å merke seg at medlemstalet har stige frå 220 i desember 2016, 271 i desember 2018, og at talet på medlemmer under 14 år nesten har tredobla seg denne perioden.

Det laget kan læra frå dette arbeidsprogrammet, er at positiv omtale, engasjement, venskap og kjennskap rekrutterer nye medlemmar, og at me difor må vere visse desse elementa. I tillegg må alle vere klar over korleis ein ynskjer nye deltakarar velkomen til laget, og det er alle sitt ansvar å syte for at desse blir tatt vel imot.